



2008/09

Prosjektrapport

Beiteprosjektet i Agder og Telemark



Jon Ødeskaug

Jan. 2010

Valle kommune

INNLEDNING

Beiteprosjektet i Valle er et av 10 pilotprosjekter som deltar i et samarbeidsprosjekt for Telemark og Agderfylkene, med fokus på areal og driftssamarbeid med beitende husdyr i kulturlandskapet.

Prosjektområdet i Valle ligg i austkanten av Vallebygda frå sentrum til Harstad, Tveiten og Brottveit. Området er for øvrig avgrensa av skogen i aust og flat fulldyrka jord i vest og ligg i høgdelaget vel 300 til vel 500 m.o.h. Samla areal er ca 1500 da fordela på 32 grunneigarar. Av desse er det ein som driv med mjølkekyr og sau og 7 som driver med sau. Beiteareala på dei andre bruka vert dels nytta av andre (dei med dyr) og dels ligg dei unytta. Heile området består stort sett av gamal beitemark ispedd nokre areal eng som vert hausta maskinelt. Beitemarka er alt frå lite til sterkt attgrodd med m.a. bringebær, lauvtre/skog og noko barskog.

Området består av mange eigarar som har kvar sine smale teigar. Dette medførte mye gjerding. Eit av føremåla med å delta i prosjektet var å prøve å kome fram til ein bruk av areala som kunne vere rasjonell m.o.t. gjerdekostnader.

Målet er å få til et beite med allsidig bruk av husdyr, der også storfe inngår som et naturlig beitedyr i området. For å forenkle trafikken mellom ulike beiteområder kom det fram ynskje om å opparbeide ein drifteveg i lia aust for beiteareala. Denne vegen kunne og brukast i annan samanheng, t.d. som turveg.

Kommunen har hatt ein stor tilbakegang av husdyrbrukarar dei siste åra. I 1999 var det 15 brukarar som dreiv med mjølk og 73 som dreiv med sau, mens i 2009 var det igjen 7 brukarar med mjølk og 39 med sau.

Mjølkekutalet har ikke gått så drastisk tilbake som antall produsentar, og grunnen til dette er at de som er igjen har øket med antall dyr. Kutalet har gått ned frå 124 til 88. Antal vinterfora sau har gått tilbake med ca. 2000 stk. i denne 10 års perioden, fra 5295 stk i 99 til 3376 stk i 09. Ei av utfordringane er og få til enklare ordninger som gjer arbeidet billegare og ikkje minst enklare.

PROSJEKTORGANISERING OG PROSJEKTDRIFT

Styringsgruppe:

Olav Stanly Kyrvestad — grunneigarrep., leiar av gruppa Gunlaug

Tveiten grunneigarrep.

Kjetil Rike grunneigarrep.

Knut H. Nømeland — Valle bondelag,

Dreng Rike — Austehei gjetelag

Bjørgulv Sverdrup Lund — ordførar kommune,

Beskrivelse av kommune / område, størrelse, ressurser, bonitet/type beite, dagens bruk

Status husdyrnæring/beitebruk m.m.

Bakgrunn for deltakelse i prosjektet

Problemstillinger fra prosjektplan m.m.

Hovedprosjektet går i 2008 og 2009. I Valle kom ein ikkje skikkeleg i gong før august 2008, og kommunen har difor valgt å kjøre prosjektet fram til hausten 2010 for å få to sommersesonger til å jobbe ute i feltet med prosjektet.

Prosjektplanen har to hovedmål, 1. få til ei kostnadseffektiv bruk av beiteareala og 2. halde nede attgroinga.

Det meste har gått etter planen. Det største avviket er tida, nemleg at ting tar lenger tid enn forutsatt. Dette medførte at ein ikkje fekk sett opp turvande gjerde i området sommeren 09.

Det blei sett opp elektrisk gjerde på noko av arealet slik at ein fekk beita noko i 2009. Varig gjerde skal setjast opp i 2010.

KOSTNADER OG FINANSIERING

Valle Kommune har sett av kr 50.000 i eigeninnsats årlig fra kommunen. Dette dekker de administrative kostnadene knyttet til prosjektet og er ikke tatt med i regnskapet.

Utgift kr ut		Inntekt kr inn	
Fakturert/møter/kurs	1676,20	Sentrale midler	100000,-
Gjerding	10000,-		
Rest skal brukast 1. halvår 2010	88323,80		
totalt	100000,-	Totalt	100000,-

Kommunens eigeninnsats er vanskeleg å berekne men er nok ikkje brukt opp fullt ut.

Restbeløpet skal nyttast til møtegodtgjersle for dei private i styringsgruppa samt gjerding i området.

GJENNOMFØRTE TILTAK

Ein har fått til avtale om bruk av beite hos alle dei som ikkje hadde hatt beitedyr dei siste åra og beiting vart gjennomført i 2009. Pga at ein kom noko seint igong vart det berre sett opp provisorisk (elektrisk) gjerde denne sesongen. Dette gjerdet blei sett opp uavhengig av eigedomsgrensar, noko som var eit av føremåla med prosjektet. Fast, varig gjerde skal setjast opp for ubrukne midler i 2010.

Dessutan er det gjort avtalar med grunneigarane (med unntak for 2) for opparbeiding av driftevegen i aust. Ein skal prøve å få på plass dei 2 siste i 2010.

Det har og vore ein del rydding i området ved hjelp av SMIL midlar, men dette er ikkje irekna rekneskapet for prosjektet.

Holdningen blant grunneiere/husdyrbrukere har vore frå svært positiv til meir lunken. Det positive er at eigarane av dei areala som til no har vore mest tilgrodd har vore svært positive.

Det er faktisk oppretta eit firma Valle Naturkjøtt som skal drive kjøttproduksjon på ammekyr og som har deltakarar frå dette m.a. beiteprosjektområdet og som skal beite her.

Det blei køyrt beitepussar på noko bringebærkratt hausten 2009 med godt resultat.

Valle har hatt 2 arrangement for heile området. Først oppstartsmøte i 2007 og så ei fagsamling for pilotene i 2008.

Prosjektet skal vidareførast komande år.

MÅLSETNING - MÅLREALISERING

Hovedmålet var å nytte arealet slik at det ikkje skulle gro att og at husdyrbrukarar skulle kunne utvide produksjonsgrunnlaget.

Prosjektmåla er ikkje nådd fullt ut, jfr det som er nemnt tidlegare.

Ein meiner prosjektet allereie har synt at det nyttar å sette inn resursar som har betydning for m.a. reiseliv og kulturlandskap.

VIKTIGSTE ERFARINGER - KONKLUSJON

Ein har vel gjort den erfaringa at skal ein sette igong eit slikt prosjekt så må ein vere klar på at ting tar tid. Når det er sagt og det kan sjå ut som lite er blitt gjennomført i løpet av prosjektperioden så er det så mange lyspunkt at det ser ut som at prosjektet totalt sett er svært positivt.

DET BESTE SOM ER KOMMET UT AV PROSJEKTET ER AT GRUNNEIGARANE STORT SETT ER POSITIVE TIL AT DEIRA AREAL VERT NYTTA OG AT BEITEDYR ER VELKOMNE INN I OMRÅDET.